



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2020/10827-STT

Dato

28.09.2020

Tid: Torsdag 08.10.20 kl. 09.15 – 11.00

Sted: Sydneplassen 12/13, 1. etasje

Til: Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Alois Pichler, Mette Hansen, Kevin Cahill, Leon Commandeur, Ståle Melve, Anders Ivesdal, student NN, student NN

Innkalling til instituttrådsmøte 08.10.20

II Orienteringssaker

- Midlertidig tiltak for å styrke søknadsprosessen om prosjektmidler (brev fra HR-avdelingen)
- Programevaluering ved HF 2020 – prosess og tidsplan
- Studenters personvern ved digital undervisning og videonotat
- Referat fra siste møter i fakultetsstyret
- Referat fra sist møte i Utvalg for Undervisning
- Referat fra sist møte i Utvalg for Examen philosophicum
- Høringssak: Veien til «Gullstandard»
- Orientering om rapport fra arbeidsgruppe om Examen philosophicum

III Vedtakssaker

2020-11 Innsparinger ved filosofistudiene - tiltakspakke

2020-12 Undervisningsplan for vårsemesteret 2021

2020-13 Overordna prinsipp for forskningsgrupper ved FoF

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydneplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

2020-14 Årsstudium i filosofi: Justering av studieplan

2020-15 Regnskapsrapport etter 2. tertial 2020

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Referanse

2020/10827-STT

Dato

29.09.2020

II Orienteringssaker

Vedlagt ligg sakspapir til orienteringssakene på instituttrådsmøte 08.10.20.

Når det gjeld referatsakene blir det gitt orienteringar i møtet.

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte



Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for fremmedspråk
Senter for kvinne- og kjønnsforskning

Referanse

2019/25100-INGHA

Dato

07.09.2020

Programevaluering ved HF 2020 - prosess og tidsplan

I henhold til systembeskrivelsen for UiBs kvalitetssystem for utdanning (s. 22) har programstyret ansvar for å gjennomføre programevaluering av eksisterende studieprogram hvert 5. år.

HF har utarbeidet en tidsplan for programevaluering i dialog med enhetene, jf. tidligere korrespondanse (jp. 6) og SA har utarbeidet ny mal for programevaluering som er oversendt enhetene (jp. 22).

Ifølge tidsplan for programevaluering skal følgende program evalueres i 2020:

Bachelorprogram i retorikk
Bachelorprogram i arabisk
Bachelorprogram i japansk
Bachelorprogram i kinesisk
Bachelorprogram i litteraturvitenskap
Masterprogram i allmenn litteraturvitenskap
Bachelorprogram i kjønnsstudier

Fakultetet er kjent med at enhetene planlegger å bruke høsten til evalueringsarbeidet. Evalueringene skal så oversendes HFs studiekvalitetskomite for vurdering og deretter informeres om i dekanatet og studiestyret før oversending til fakultetsstyret.

Vi har følgende tidsplan for denne prosessen:

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Innsending til fakultet	Utsending til studiekvalitetskomiteen	Behandling i studiestyret	Behandling i fakultetsstyret
1. desember 2020	7. desember 2020	januar eller februar 2021	23. mars 2021

Vennlig hilsen

Svein Ivar Angell
visedekan for utdanning og internasjonalisering

Ranveig Lote
seksjonssjef



Fakulteter, institutter og sentre

Referanse

2020/3025-PEH

Dato

07.08.2020

Studenters personvern ved digital undervisning og videonotat

Vi viser til brev fra Studieavdelingen til fakulteter, institutter og sentre av 29. juni 2020, der vi sa at vi skulle komme tilbake med informasjon om hvordan vi gjør det med aktiv godkjenning fra alle som er tilstede når det gjøres opptak av undervisningssituasjonen.

Vi vil presisere at det ikke er nødvendig å innhente et aktivt samtykke fra alle som er tilstede ved undervisningen for å kunne gjøre opptak av en undervisningssituasjon. Dette er i samsvar med UiBs retningslinje [Overordnede rammer for behandling av personopplysninger ved UiB](#) kap. 11 og de utfyllende [retningslinjene for å ivareta personvern hensyn ved digital undervisning](#). Disse bygger igjen på personopplysningsloven og personvernforordningen (GDPR).

I de utfyllende retningslinjene for [digital undervisning](#) (i hovedsak ved hjelp av Zoom) skilles det mellom undervisning som direktestrømmes og undervisning der det gjøres opptak. Det skilles også mellom ikke-obligatorisk og obligatorisk undervisning. Som hovedregel gjøres det ikke opptak av en ikke-obligatorisk undervisningssituasjon der studenter deltar med lyd og/eller bilde.

God og tydelig informasjon sikrer at studentene er kjent med hvordan undervisningen vil bli gjennomført og hvordan de kan ivareta sitt personvern digitalt, ved selv å velge om de vil vise lyd og bilde. Det kreves ingen innhenting av samtykkeerklæring for å gjøre dette, kun en frivillig handling. Når deltakelse i undervisningen er obligatorisk må det være fastsatt hvordan deltakelsen skal kunne dokumenteres.

Som hovedregel er det ikke grunn til å gjøre opptak av obligatorisk undervisning, men på grunn av situasjonen med pandemien, kan behovet for å gjøre opptak unntaksvis oppstå. Det kreves likevel ikke aktiv godkjenning fra alle tilstede for å kunne gjøre opptak av hele undervisningssituasjonen. Behovet for å kunne gjøre opptak må være formidlet til studentene på forhånd, og den enkelte student bestemmer selv over sin egen deltakelse og synlighet.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Løsningen med videonotat blir nå utvidet med strømmefunksjonalitet, og blir tilgjengelig i mange flere undervisningsrom enn tidligere. Dette er fysisk undervisning som blir tatt opp og direkteendt, og ofte også tatt opp. Dette innebærer ikke noen vesentlig personvernrisiko for studenter, fordi de ikke kommer med på lyd eller bilde, annet enn unntaksvis og i korte glimt.

Vennlig hilsen

Christen Soleim
avdelingsdirektør

Per Gunnar Hillesøy
seniorrådgiver



UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetsdirektøren

Senter for vitenskapsteori
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Senter for vitenskapsteori
Institutt for fremmedspråk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Referanse

2020/10801-ELAK

Dato

28.09.2020

Intern høring ved Det humanistiske fakultet - Veien til Gullstandard

I forbindelse med prosjektet *Tilrettelegging for studenter med funksjonsnedsettelse – Veien til Gullstandard*, ber nå prosjekteier (SA) fakultetene om å uttale seg om styringsgruppens utkast til rapport og tiltaksplan (ePhorte 2019/7136, JP 2); https://eph-uib.uhad.no/ephorte/locator/?SHOW=JP&JP_ID=1048642&database=EPHORTE-UIB
Fakultetenes høringsfrist er satt til 23. oktober.

Med tanke på at ansvaret for tiltaksplanens gjennomføring også vil hvile på fakultetets grunnenheter, ber vi med dette våre institutt og sentre om å bidra med innspill til fakultetets høringssvar. Fakultetet er interessert i alle tilbakemeldinger som tar utgangspunkt i dokumentenes innhold.

For informasjon om prosjektets bakgrunn, organisering og gjennomføring vises det til selve rapporten.

Grunnenhetenes høringsfrist settes til 14. oktober.

Vennlig hilsen

Ranveig Lote
seksjonsleder

Elisabeth Akselvoll
seniorkonsulent

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Universitetsdirektørens kontor
Telefon 55 58 20 01
Telefaks 55 58 96 43

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Besøksadresse
Nygårdsgaten 5
Bergen

Saksbehandler
Kari Elisabeth Lønøy
55583282



Fakulteter, institutter og sentre

Referanse

2020/10565-KEL

Dato

21.09.2020

Midlertidig tiltak for å styrke søknadsprosessen om prosjektmidler

Det vises til dialog mellom universitetsledelsen og faglig ledelse.

Hovedregelen er fast ansettelse. Staten, og særlig universitets- og høyskolesektoren, har en høy andel midlertidig ansettelser, og i statsansatteloven, som trådte i kraft fra 01.07.2017, er det er foretatt endringer i regelverket som tiltak for å begrense bruken av midlertidige ansettelser.

Under koronasituasjonen har arbeidsbelastningen på det vitenskapelige personale vært stor. Overgangen til digital undervisning har krevd mye ressurser, og universitetsledelsen er opptatt av å sikre at forskningsaktiviteten har gode rammevilkår og ikke lider under den spesielle situasjonen. Universitetsledelsen har derfor åpnet opp for midlertidige ansettelse for inntil 6 måneder for å senke belastningen på vitenskapelig personale samtidig som primæraktiviteten kan gå som planlagt.

Vi vil gjøre oppmerksom på at administrativ ansettelse kun kan benyttes for ansettelsesforhold som har varighet inntil 6 måneder, og ansettelsesforholdet kan ikke forlenges utover dette. Er det behov for ansettelse utover 6 måneder, må det foretas utlysning, og det må være hjemmel for midlertidig ansettelse (arbeidet må være av midlertidig karakter).

Vennlig hilsen

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Sonja Dyrkorn
HR-direktør

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

Rapport frå arbeidsgruppa for examen philosophicum

Examen philosophicum har røter tilbake til 1675 ved Københavns Universitet, og har vore ein del av høgare utdanning i Noreg sidan Universitetet i Oslo vart grunnlagt i 1811.¹ Medan ex.phil. i tidlegare tider inkluderte fleire fag, har emnet sidan 1875 hovudsakeleg bestått av filosofi, om enn det ikkje er så lenge sidan også psykologi var ein del av ex.phil. Det oppstår med jamne mellomrom diskusjonar om ein skal halde på ex.phil. og korleis emnet skal sjå ut, men framleis har det brei støtte, i det minste mellom vitskapeleg tilsette, som ein viktig del av universiteta sitt dannelsoppdrag. Noko av grunnen kan vere at ex.phil. har vore i stadig forandring, meir enn mange er klar over, og har tilpassa seg skiftande faglege, pedagogiske og institusjonelle kontekstar.

I det meste av si historie har ex.phil. vore lagt til byrjinga av universitetsutdanninga. Det forklarar namnet “forberedende”, som var det offisielle namnet frå 1903 til 1967. Noko variasjon var det likevel også før. Til dømes kunne ein i Bergen på 1990-talet velje sjølv når ein skulle ta ex.phil. i løpet av cand. mag.-graden. Men med innføringa av seminarmodellen ved UiB på starten av 2000-talet var tanken om eit heilskapleg førstesemesterstudium sentralt, sett saman av ex.phil., ex.fac. og eit innføringsemne i det faget ein skulle studere. Dei siste ti åra har likevel dette endra seg gradvis, både ved UiB og elles i Noreg. Fleire og fleire fagmiljø legg no ex.phil. seinare i studieløpet. Dette reiser nokre spørsmål som denne rapporten skal diskutere.

Bakgrunn

I møtet i Utdanningsutvalet 5.9.2019 vart det under sak 35/19, “Kvalitetsarbeid og utdanningsledelse”, mellom anna diskutert aktuelle spørsmål knytt til ex.phil og ex.fac., særleg ut frå endringar i plassering. Kva har det å seie for formål, innhald, organisering og økonomi når ex.phil. ved enkelte fakultet blir flytta til seinare i studieløpet?

På bakgrunn av dette oppnemnde Universitetet i Bergen 29.11.2019 (2019/26363) ei arbeidsgruppe som skulle drøfte dette vidare. Mandatet for arbeidsgruppa var “å kartlegge dagens praksis for ex.phil. med fokus på formål og plassering i studieløpet og drøfte løsnings for framtidig plassering”.

Arbeidsgruppa har vore satt saman av:

- Utdanningsdekan Svein Ivar Angell, HF
- Utdanningsdekan Magne Strandberg, JU
- Utdanningsdekan Harald Walderhaug, MN
- Instituttleiar Steinar Bøyum, Institutt for filosofi og førstesemesterstudier, HF.
- Student Emma Bø
- Student Stian Torset
- Rådgjevar Iren Igesund, Studieavdelingen

Steinar Bøyum har fungert som leiar for arbeidsgruppa. Iren Igesund har vore sekretær for arbeidet. Førsteamanuensis Helge Holgersen frå Det psykologiske fakultet var oppnemnd som medlem av arbeidsgruppa, men har ikkje deltatt på nokon av møta.

Arbeidsgruppa har hatt seks møter: 21.1., 18.2., 5.3., 14.4., 6.5. og 10.6. Etter koronasituasjonen oppstod har møta vore digitale. Tema for møta har om lag følgt disposisjonen i denne rapporten. Det har vore to gjesteinnlegg: Vibeke Tellmann, leiar for ex.phil.-utvalet, gav ei orientering om dagens ex.phil. 18.2., og Steinar Thunestvedt, administrasjonssjef på Institutt for filosofi og førstesemesterstudier, gav ei innføring i økonomimodellen på ex.phil. 6.5.

¹ Thor-Inge Rørvik, *Historien om examen philosophicum 1675-1983*, Forum for Universitetshistorie, Universitetet i Oslo 1999 (<http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nbdigibok2008102404070>).

Tolking av mandat

Mandatet for arbeidsgruppa var “å kartlegge dagens praksis for ex.phil. med fokus på formål og plassering i studieløpet og drøfte løsninger når det gjelder fremtidig plassering”. Arbeidsgruppa har tolka dette slik at spørsmålet om plassering er utgangspunktet for saka, og at det er særleg følgjene av endring i plassering som skal drøftast. Formålet med ex.phil., samt spørsmål om organisering og økonomi, blir tatt opp i den grad det heng saman med spørsmålet om plassering.

Dette tyder for det første at me tar det for gitt at ex.phil. skal vere 10 studiepoeng og inngå som ein obligatorisk del av ein bachelorgrad. Me har altså ikkje drøfta å auke eller minke omfanget av ex.phil. Samtidig har det vore klart, særleg i drøftinga av formål, at arbeidsgruppa i all hovudsak meiner ex.phil. har ein svært viktig funksjon. Det tydar for det andre at me tar grunnleggjande trekk ved organiseringa for gitt, til dømes at emneansvaret for ex.phil. ligg hjå Institutt for filosofi og førstesemesterstudier (FoF) på Det humanistiske fakultet. Samtidig kjem me avslutningsvis inn på tilhøvet mellom UiB sentralt og fakulteta.

Fuglesangrapporten

I 2013 leverte det såkalla Fuglesangutvalet (oppkalla etter utvalets leiar, Heidi Fuglesang) sin rapport til Studentparlamentet ved UiB: “Examen philosophicum — en innføring i universitetet eller en innføring i danninge”.² Sidan denne rapporten har hatt ein viss innflytelse på dei endringsprosessane som har leia til flytting av ex.phil. på enkelte fakultet, og dessutan diskuterte mange av dei same spørsmåla som denne arbeidsgruppa, går me raskt gjennom nokre av dei viktigaste konklusjonane i denne rapporten.

Fuglesangutvalet ville halde på ex.phil. som obligatorisk emne på 10 studiepoeng, men med grunnlag i ei spørjeundersøking tilrådde utvalet ei flytting av ex.phil. til seinare i studieløpet: “Mange gir uttrykk for at det er først senere i studieløpet faginnholdet i ex.phil. oppleves som relevant og viktig. Flere gir også uttrykk for at det ville ha vært enklere å forstå og drøfte ex.phil. innhold dersom de hadde større faglig ballast.” Studentrepresentantane i denne arbeidsgruppa støtter denne oppfatninga om at det er positivt å ha ex.phil. seinare i studieløpet, nettopp fordi studentane då er meir modne og har lettare for å sjå relevansen av ex.phil.

Vidare tilrådde utvalet ei tematisk heller enn ei historisk organisering av filosofipensumet. Ex.phil. burde ikkje vere ei innføring i filosofihistorie, men ein bruk av filosofisk stoff på tema som studentane sjølve fann interessante, ut frå sin fagbakgrunn. Dette er i samsvar med korleis ex.phil. i dag blir praktisert. Vidare meinte utvalet at ex.phil. burde vere tverrfagleg “i den forstand at studentene deltar på seminar og forelesninger med studenter fra andre fagretninger, og diskuterer mange av de samme spørsmålene”, men at det burde vere fagspesifikt “i den forstand at studentene bør kunne benytte sin fagkunnskap i oppgaveløsningen.” Dette er også i stor grad slik ein prøver å få det til på ex.phil. i dag.

Dagens ex.phil.: seminarmodellen

Dagens ex.phil. står i gjeld til Arne Næss og hans reform av det som då vart kalla “forberedende prøve i filosofi”. Dei to viktigaste reformene var ei problemorientering av filosofihistoria og innføringa av den såkalla “saklighetslæren”. Næss uttrykte likevel ein viss skuffelse over at ex.phil., særleg filosofihistoria, etter kvart utvikla seg til eit ordinært pensum ein skulle lære seg, i staden for, slik han ville det, ein stad der ein kunne anvende filosofiske teoriar på dagsaktuelle tema.³

² https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/fuglesangsutvalgets_rapport_om_exphil_0.pdf

³ Rørvik, *Historien om examen philosophicum 1675-1983*, s. 162. Sjå også Fredrik W. Thue, «Samfunnsforskningens fødselshjelper» og Dagfinn Føllesdal, «Næss, examen philosophicum og Filosofisk institutt», *Norsk Filosofisk Tidsskrift*, nr 1–2, 2002. For Næss sin kritikk, sjå mellom anna intervju i *Aftenposten*, 14. september 2001.

Seminarmodellen ved UiB kan sjåast som eit forsøk på å vende tilbake til Næss sitt opphavlege mål med ex.phil.

Seminarmodellen vart innført på byrjinga av 2000-talet (fullt implementert i 2003), dels i samband med Kvalitetsreformen og dels som følgje av det mange såg som ein urimeleg høg strykprosent på ex.phil. fram til då. Saman med ex.fac. (og ofte eit innføringsemne) vart ex.phil. då ein del av førstesemesterstudiet, som saman skulle gi eit fagleg grunnlag for vidare studiar og ein akademisk og sosial integrering i universitetskulturen. Hovudprinsippa i denne modellen er som følgjer:

- Studentaktiv læring: Studentane har forelesingar, men kjernen i studiet er obligatoriske seminar, munnlege presentasjonar og rettleia oppgåveskriving.⁴ Skriveopplæring var viktig når modellen vart laga, mellom anna i samarbeid med dåverande Program for Læringsforskning.
- Problemorientering: Det sentrale skal vere arbeid med oppgåver som relaterer det filosofiske stoffet til aktuelle spørsmål i samfunnet eller/også til faga studentane skal studere, i kombinasjon med oppøving av evna til å analysere og evaluere argumentasjon.
- Fakultetsorientering: kvart fakultet har sin eigen ex.phil.-variant, med eigen pensumlitteratur og oppgåvesett som relaterer stoffet til dei aktuelle fagområda.

Seminarmodellen må seiast å ha vore sær sars vellukka. Strykprosenten vart kraftig redusert, og i dag følgjer dei aller fleste ex.phil.-studentane denne modellen. Det er framleis mogleg å ta ein tradisjonell skuleeksamen, men berre om lag 10-15% gjer dette. Når me i det følgjande snakkar om ex.phil., snakkar me helst om seminarmodellen, både fordi det er så få som tar eksamensmodellen og fordi det er mykje meir variert (og vanskeleg å få gode tal på) når i studieløpet ein tar eksamensmodellen.

Dagens ex.phil.: plassering

I grads- og studieforskrifta til UiB er det ein generell regel (§2.4) at bachelorprogram skal innehalde ex.phil. på 10 stp., med unntak for enkelte av dei utøvande programma på KMD. Men sjølv om ex.phil. er ein obligatorisk del av bachelorgraden, er det ikkje spesifisert når i studieløpet ein skal ta det. Det same gjeld dei fleste andre universiteta i Noreg. Ex.phil. er obligatorisk ved alle dei gamle universiteta (BOTT), og også på eit fleirtal av dei nye universiteta, men ingen av dei har reglar om kvar ex.phil. skal vere plassert. Alle stader er ex.phil. 10 stp., med unntak av NTNU, der det er på 7,5 stp.

Kvar ex.phil. skal plasserast i studieløpet har variert noko, om enn det tradisjonelt har vore eit såkalla førebuaende studium. Dette er ingen ny diskusjon. Allereie forgjengaren til Arne Næss som professor i filosofi, Anathon Aall, argumenterte i 1936 for at ex.phil. burde kome seinare i studiet. Denne diskusjonen har igjen blitt aktualisert det siste tiåret, då ex.phil. har endra plassering fleire stader. Ved UiB ser situasjonen i dag slik ut når det gjeld plassering av ex.phil.:

- HF: Ex.phil. i 1. semester (dette inkluderer også dei programma på KMD som tar ex.phil., sidan desse tar ei tilpassa utgåve av HF-varianten).
- JU: Ny studieordning blir innført frå og med studieåret 2021/22, og ex.phil. blir då flytta frå første til fjerde semester.

⁴ Dette er også i tråd med pedagogiske utviklingsprosjekt ved ex.phil. Prosjekta Godt Forberedt I (2019) og Godt Forberedt II (2020) har fått insentivmidlar til å utvikle digitale arbeidspakker ved ex.phil., i tillegg til at prosjektet Argumentasjon som Ferdighet har fått DIKU-støtte for liknande føremål. Målet med desse er å auka studentaktiviteten mellom undervisingsøktene, i form av interaktive arbeidspakker

- MN: Ex.phil. vart flytta for enkelte studieprogram (mellom anna biologi) til andre semester allereie i 2012. I 2015 vart ex.phil. for fysikk flytta til femte semester og for lektorstudentane til sjette semester. I 2017 vart ex.phil. lagt til fjerde semester for dei tre nye femårige sivilingeniørprogramma. I den nye studieordninga, som gjeld frå og med studieåret 2020/2021, vil ex.phil. ligge i fjerde, femte eller sjette semester for alle programma.
- MO: Ex.phil. i 1. semester.
- PS: Ex.phil. vart flytta til vårsemestret frå og med studieåret 2016/17. Profesjonsstudentane i psykologi tar ex.phil. i andre semester, medan bachelorprogramma tar ex.phil. i fjerde semester.
- SV: Ex.phil. ligg hovudsakeleg i 1. semester, men vart i to studieprogram (samfunnsøkonomi og politisk økonomi) flytta til tredje semester frå og med studieåret 2017/18.

Som ein ser ut frå desse endringane, er det nye no at JU og dei resterande faga på MN flyttar til seinare semester, medan PS og enkelte av dei store faga på MN gjorde dette for fleire år sidan. I dag er det slik at 80-85% av studentane tar ex.phil. første semester, medan det etter desse omleggingane vil vere 65-70% av studentane som gjer det. Sjølv etter desse endringane vil UiB likevel vere det universitetet som i størst grad har ex.phil. første semester. Ved dei andre BOTT-universiteta er ex.phil. i større grad spreidd utover studieløpet, som følgjande tabell, med nokre sentrale BA-program som alle desse universiteta tilbyr, viser:

	UiO	NTNU	UiT
Historie	2	2	2
Tysk	3	1	1
Engelsk	6	1	1
Statsvitenskap	3	5	2
Sosiologi	2	5	1
Sosialantropologi	1	5	2
Fysikk	3	3	3
Biologi	5/6	3	5
Kjemi	4/5/6	3	4

Formål: emneskildringar

I nyare tid har ex.phil. ved alle norske universitet vore prega av tre deler:

- Filosofihistorie, med innslag av allmenn ide- og vitenskapshistorie: innføring i den historiske bakgrunnen for ulike grunnleggjande syn på verda.
- Vitenskapsteori: drøfting av prinsipielle spørsmål om vitenskap.
- Logikk: evne til å analysere omgrep og argumentasjon.

Denne tredelinga er ikkje lenger like tydeleg, men likevel finn ein igjen desse elementa også på dagens universitet. Vekta på «åndshistorisk danning» har likevel blitt svekka dei fleste stader i Noreg, til fordel for ei sterkare tema- og problemorientering (på dette punktet var UiB i forkant, og andre universitet har dei siste åra kome etter).⁵ I tillegg har ex.phil. fleire stader også hatt ansvar for å gi ei slags innføring i akademisk kultur, mellom anna akademisk skriving.

⁵ Gunnar Skirbekk, «Ex.phil.» i *Kunnskap og danning foran et nytt århundre*, Innstilling fra Dannelsesutvalget for høyere utdanning 2009.

Ved UiB er emneskildringane for dei ulike variantane bygd opp på same måte og inneheld mange av dei same elementa:

Under mål og innhald har alle variantane først eit introduksjonselement: “Examen philosophicum skal gi studentane ei innføring i universitetet sine tenkje-, arbeids- og skrivemåtar. Vidare skal ex.phil. gi filosofiske perspektiv på akademisk kultur og danning, og på sentrale spørsmål i (faga på den aktuelle varianten)”. Alle har også eit *argumentasjonselement*, som varierer litt, men som alle liknar på dette eksempelet frå PS: “Studentane skal gjere seg kjent med verkty ein kan bruke til å analysere tekstar og bidra til klårleik i språkbruk og argumentasjon, både innanfor psykologifaget og i det breiare akademiske og offentlege ordskifte.” Til sist har enkelte variantar eit *fakultetsspesifikt* element, til dømes dette frå JU: “Emnet gir ei innføring i rettsfilosofi og andre filosofiske tema med særleg relevans for rettsvitenskapen.»

Læringsutbyteskildringane er også bygde opp på same måte. Under “kunnskapar” finn ein innan alle variantar ei formulering som ligg tett opp til denne frå JU: “Ved fullført emne har studenten kjennskap til utvalde filosofiske emne som har relevans for rettsvitenskapen, til dømes rettsfilosofi, etikk og politisk filosofi. I tillegg har studenten kjennskap til sentrale omgrep i språk- og argumentasjonsteori”. Under “dugleikar og kompetanse” finn ein også på alle variantar omlag den same teksten, til dømes som her frå HF: “meistre bruk av filosofiske omgrep i analytisk og kritisk drøfting av problemstillingar frå dei humanistiske vitenskapane og offentleg debatt; - bruk av språk- og argumentasjonsteori på tekstar innanfor dei humanistiske vitenskapane og offentleg debatt”. I tillegg har seminarmodellen på alle variantar også med følgjande moment: “meistre grunnleggjande normer for skriftleg og munnleg akademisk framstilling, som klårleik, sjølvstende og reieleg kjeldehandsaming”.

Me ser at formål og læringsutbyte er svært likt for dei ulike variantane, men stoffet blir applisert på ulike tema og eksempel, som er henta frå dei ulike faga eller på samfunnsspørsmål som er knytt til faga på den aktuelle varianten. Dette er også sentralt i oppgåveskrivinga som er sentralt i seminarmodellen. Då fordjupar ein seg i eit spørsmål som typisk appliserer filosofiske, vitenskapsteoretiske og argumentasjonsteoretiske emne på eit aktuelt spørsmål i faget eller i samfunnsdebatten med relevans for faget. Til dømes kan ein på SV velje ei oppgåve om klimanekting og ytringsfridom ut frå John Stuart Mills klassiske forsvar for ytringsfridom, på PS kan ein drøfte lykkeforskning ut frå Aristoteles og Jeremy Bentham, på HF kan ein skrive om forholdet mellom kunst og moral i lys av debatten om Karl Ove Knausgårds *Min Kamp*, og på JU kan ein diskutere miljøaksjonar ut frå John Rawls’ teori om sivil ulydighet eller forbod mot nikab og burka i undervisningssituasjonar i lys av teoriar om politisk fridom.

Formål: drøfting

Som me kan sjå har altså innføringselementet vore eit viktig formål for ex.phil., særleg i seminarmodellen. Kva det inneber meir konkret at ex.phil. «skal gi studentane ei innføring i universitetet sine tenkje-, arbeids- og skrivemåtar» er kanskje lettast å sjå ut frå det siste elementet: at ex.phil. har hatt medansvar for opplæring i akademisk skriving. Dette omfattar både meir generelle element som struktur og argumentasjon i akademiske tekstar, og meir spesifikke element som sitering og referanseteknikk. Førstnemnde element vil vere sentralt innan ex.phil. uavhengig av kvar det ligg i studieløpet, men ein kan vente at studentane får høgare utbyte av opplæring i språk og argumentasjon når ex.phil. kjem seinare i studieløpet fordi studentane då har noko trening i å skrive dei tekstane som er sentrale på det programmet dei er på. Ansvar for sistnemnde element må truleg i større grad flyttast over på dei enkelte faga i dei tilfella der ex.phil. blir flytta til seinare semester. Samtidig kan ein hevde at opplæring i sitering og referanseteknikk trass alt ikkje er ein sentral del av ex.phil., og heller ikkje av filosofar sin kompetanse.

I arbeidsgruppa var det stor semje om kva som bør vere det overordna målet med ex.phil., uavhengig av plassering i studieløpet. Dette overordna formålet kan ein differensiere ut i to ulike aspekt, som heng nært saman. For det første: Ex.phil. skal gi kunnskap om og forståing for grunnleggjande filosofiske spørsmål som oppstår både innan dei ulike faga og innan aktuelle samfunnsspørsmål knytt til desse, særleg av vitenskapsteoretisk og etisk art. For det andre: Ex.phil. skal gi dugleik i å analysere

og evaluere argumentasjon, samt øving i å kunne uttrykke seg klart, sakleg og med vekt på grunngeving. Ein kan samanfatta desse to aspekta til det følgjande: Ex.phil. skal øve opp evna til kritisk refleksjon over grunnleggjande spørsmål i vitenskapane og samfunnet. Sagt på ein annan måte, studentane skal lære seg at og korleis ein kan drøfte kontroversielle og verdilada spørsmål på ein sakleg og fornuftig måte, også om dei ikkje har noko fasitsvar. Gitt samfunnsutviklinga, med aukande pluralisme og polarisering, bør dette vere viktigare enn nokon gong. Det er også kjernen i ei moderne forståing av *danning*.

Tradisjonelt var ei innføring i filosofihistorie, med innslag av generell ide- og vitenskapshistorie, ein heilt sentral del av ex.phil., og er nok det mange av dagens professorar assosierer med emnet. Når dei tenkjer tilbake på si eiga tid på ex.phil., er det gjerne kongerekka av store filosofar dei hugsar. Men dette aspektet ved ex.phil. har vore svekka i lang tid, ikkje berre ved UiB. Dersom ein ser på pensumbøkene som blir brukte på ex.phil., så er ingen av desse lagt opp kronologisk. Dei er alle tematisk orienterte. I stor grad har dette vore ei intendert utvikling, ut frå ei erfaring av at det er blitt vanskelegare å legitimere ex.phil. med at filosofihistorisk danning er nødvendig. Dette tyder likevel ikkje at dei gamle filosofane har forsvunne heilt ut. Studentane lærer framleis om Platon, Aristoteles og Kant. Men det er problema, ikkje filosofane, som står i sentrum. Ein dreg filosofane inn, ikkje primært ut frå deira historiske tyding, men fordi tankane deira kan bidra til å belyse dagens grunnleggjande problem.⁶ Arbeidsgruppa stiller seg bak ei slik problemorientering.

Gruppa diskuterte også forholdet mellom felles og fakultetsspesifikke formål og orientering. Som nemnd har UiB lang tradisjon for fakultetsorientering av ex.phil. Fakultetsorienteringa var sentral med innføringa av seminarmodellen, men har røter lengre bak i tid. Allereie under Knut Erik Tranøy på 1960-talet var tanken at ex.phil. i Bergen, i motsetning til i Oslo, skulle vere fakultetsorientert, med lærebøker tilpassa kvart enkelt fakultet.⁷ Det gjer også at skilnaden mellom ex.phil. og ex.fac. tradisjonelt har vore mindre tydeleg i Bergen enn enkelte andre stader. Det kan vere at ei slik fakultetsorientering blir endå sterkare med flytting til seinare semester, om enn det ikkje er noko automatikk i det. Dersom det skjer, kan ein vere bekymra over at ex.phil. blir meir og meir som ex.fac., og at ex.fac. blir meir og meir fagorientert, og dermed at felleselementet blir svekka. Men sjølv om denne bekymringa er reell, kan det vere at ho kviler på ein for skarp dikotomi. Som leiaren for ex.phil.-utvalet gjorde greie for på eit av møta i arbeidsgruppa, er det mange av dei same filosofane, teoriane og tematikkane som går igjen på dei ulike variantane, sjølv om dei blir eksemplifisert på ulike måtar og anvendt på ulike område. Til dømes kan ein både på JU, SV, og MO skrive oppgåver om skiljet mellom nytteetikk og pliktetikk, men på JU blir skiljet anvendt på spørsmål om dyrs rettslige vern, på SV blir det relatert til flyktningspolitikk og på MO til spørsmål om vaksinepåbod og genmodifisering. Etter arbeidsgruppa sitt syn tek dette godt vare både på felleselementet og på fakultetsorienteringa.⁸

Frå tid til anna dukkar det opp krav om eller forslag til ulike aktuelle tema som “bør inn i ex.phil.” I februar 2020 stemte til dømes Studentparlamentet for at klima og miljøetikk må inn i ex.phil., og i september 2019 foreslo Utdanning 2030-arbeidsgruppa i sin rapport at SDG’ane kunne knytast opp mot ex.phil. Arbeidsgruppa stiller seg skeptisk til at ex.phil. skal bli ein slags behaldar for alle slags gode formål (innovasjon, teknologi og likestilling er andre eksempel på tema som har blitt foreslått å

⁶ Jf. Vibeke Tellmann, «Problemet fremfor filosofen», <https://www.forskerforum.no/problemet-fremfor-filosofen/>

⁷ Gunnar Skirbekk «Norsk filosofi?», *Norsk filosofisk tidsskrift*, nr 3–4, 2015, s. 158.

⁸ Graden av fakultetsorientering av innhaldet i ex.phil. varierer også frå stad til stad. Ved UiO har ex.phil. berre éin variant, med eit felles pensum (dette blir imidlertid revidert no). Ved UiT er det også eitt emne, med ei felles bok og så varierte kopisamlingar frå fakultet til fakultet. NTNU har fire ulike ex.phil.-variantar, der pensum er delt mellom eit kjernepensum som er felles og ein spesifikk variantdel.

gå inn i ex.phil.). Arbeidsgruppa meiner at det beste bidraget ex.phil. kan gje til å løyse til dømes klimaproblemet, er å gje studentane gode dugleikar i etikk, kritisk refleksjon og sakleg argumentasjon. Det var semje i gruppa om at slike tema gjerne kan gå inn i ex.phil. der det fell naturleg, det vil seie der dei støttar opp om desse overordna formåla med ex.phil. Til dømes kan klima og miljøetikk kome inn som relevante tema innan fleire variantar, og gjer det allereie på enkelte av dei. Gitt at ex.phil. er ein stad der studentane skal lære å reflektere kritisk over aktuelle fenomen og diskusjonar i samtida, kan jamvel innhaldet i omgrep som kunnskap, kompetanse og danning vere relevante tema å ta opp (jmf. 21st century skills).

Kompetanse

I saksnotatet til møtet i Utdanningsutvalet i september 2019 står det følgjande: “Når ex.phil. blir plassert mot slutten av et bachelorprogram, må det forventes større modenhet blant studentene. Dette gir muligheter for å styrke ex.phil. som refleksjonsemne, men vil samtidig kreve forskningsbasert undervisning på et nivå som normalt ikke blir utført av universitetslektorer. Dette er en gruppe som i dag utfører mye undervisning på ex.phil.”

Arbeidsgruppa er samd i at flytting av ex.phil. til seinare i studieløpet vil stille høgare faglege krav til dei som underviser. Studentane vil ha meir kunnskap innan faget sitt og vere meir integrert i akademia enn når dei tek ex.phil. første semester. Og med tanke på at ex.phil. søker å vere fakultets- og fagrelevant, vil studentane venteleg også skrive ex.phil.-oppgåver som i større grad gjer bruk av denne kunnskapen. Dette stiller auka krav til forskningsbasert undervisning på eit høgt fagleg nivå både når det gjeld grunnkompetansen i filosofi og kjennskap til aktuelle disiplin-fag, og fører vidare til eit behov for et stort tal stillingar med førstekompetanse.

Samtidig er det viktig å understreke at undervisningsstaben på ex.phil. allereie i dag er meir mangfaldig enn sitatet frå saksnotatet over gir inntrykk av. Ved FoF underviser alle vitenskapelig tilsette på ex.phil., inkludert dei mest etablerte professorane, om enn i ulik grad. Dei fleste av dei som er tilsett på universitetslektorvilkår, har dessutan doktorgrad og har fått personleg opprykk som førsteamanuensis, jamvel professor.⁹ I den forstand har dei forskningskompetanse, og fleire av dei er også aktive forskarar, sjølv om dei altså ikkje har forskingsvilkår i stillinga. Om flytting av ex.phil. til seinare i studieløpet krev forskningsbasert undervisning i større grad enn no, kjem difor an på kva ein legg i “forskingsbasert undervisning”.

Eit anna spørsmål har å gjere, ikkje med nivået, men kva type kompetanse ex.phil.-lærarane har. For å undervise på ex.phil. bør ein ideelt sett ha ein type “dobbeltkompetanse”, dvs. både ein primærkompetanse i filosofi (inkludert logikk og etikk) og ein viss kompetanse i fagområde som er relevante for den fakultetsvarianten dei underviser på. Dette følgjer av problem- og fakultetsorienteringa på ex.phil. ved UiB. Dette gjeld også når emnet er lagt til første semester, men i endå større grad når det blir flytta til seinare semester. Foreløpig er målet til FoF å ha minst to undervisarar på kvar variant med slik dobbeltkompetanse, som kan fungere som emneansvarlege og lagleiarar. Med tanke på at ex.phil.-undervisning i utstrakt grad er basert på samarbeid i undervisningslag, der lærarar kan ha komplementære kompetansar, vil dette sikre at undervisninga er på eit godt fagleg nivå.

Økonomi

Økonomien til ex.phil. er basert på ein finansieringsmodell som vart innført i 2013, ein slags stykkprismodell: I tillegg til at fakulteta på den tid fekk ei fast auke i grunnbevilgninga som skulle gå til ex.phil., får fakulteta no tildelt midlar til si ex.phil.-drift i den årlege grunnbevilgninga basert på studiepoengproduksjonen frå 2 år tilbake, der fakulteta blir tildelt 75 % av det dei har «produsert» (UiB sentralt tar 25%). Studiepoenginntektene frå ex.phil. går altså til fakulteta, som så betaler

⁹ Dette er primært eit resultat av ein svært tøff konkurransesituasjon på arbeidsmarknaden for filosofar, samt den generelle kompetansehevinga i Noreg: Når talet på nye doktorgrader i Noreg har blitt 4-dobla på 30 år, og jamvel grunnskulelærarar no må no ha mastergrad, er det ikkje å undrast over at også ex.phil.-lærarar i dag har høgare kompetanse enn tidlegare.

HF/FoF for talet på ex.phil.-kurs dei skal ha. Det er såleis HF/FoF som forvaltar ex.phil.-budsjettet og som må sørge for at utgiftene til ex.phil. over tid er i balanse med inntektene frå fakulteta.

Kva økonomiske følgjer har det når fakultet flyttar ex.phil. til seinare semester? Her må ein skilje mellom midlertidige og langvarige følgjer, og me må skilje mellom følgjer for HF/FoF og for UiB totalt.

Dei eventuelle økonomiske følgjene heng primært saman med kva effekt flytting har på studenttalet. Den langvarige effekten på studenttalet på ex.phil. er likevel vanskeleg å fastslå. Generelt er det rimeleg å anta eit noko lågare studenttal når ex.phil. blir flytta lengre ut i studieløpet, men storleiken på dette kviler på fråfallsprosenten på dei ulike fakulteta (den delen av fråfallet som skjer mellom det semesteret dei no tek ex.phil. og det semesteret dei i framtida skal ta ex.phil.). På Det juridiske fakultet, der fråfallet er lågt, betyr det til dømes lite for studenttalet kvar ex.phil. er plassert. På Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet, der fråfallet er høgare i løpet av bachelorgraden, vil flytting sannsynlegvis bety meir for kor mange som tek ex.phil. Ein permanent reduksjon av talet på ex.phil.-studentar ved MN på 30% kan vere eit rimeleg anslag. Gitt finansieringsmodellen vil det då tyde ein reduksjon av ex.phil.-inntektene frå MN på rundt 30%.

Alt dette er likevel usikre reknestykke. Det som gjer det vanskeleg å fastslå dei langvarige konsekvensane av endra plassering, er at dei større studieplanrevisjonane som flytting av ex.phil. inngår i, mellom anna har som intensjon å redusere fråfallet, i det minste ved MN. Dersom det lukkast, vil følgjene av flytting for studenttalet på ex.phil. også bli mindre. Kor stor nedgangen blir, heng også saman med andre endringar i studieprogramma. På Det psykologiske fakultet er det til dømes om lag 40% færre studentar som tar ex.phil. no samanlikna med den tida det var eit førstesemesteremne, men ein del av nedgangen skuldast ikkje endring av plassering i og for seg, men at det ikkje lenger er ex.phil. for årsstudia ved dette fakultetet.

Medan dei langvarige følgjene er usikre, vil det uansett bli ein midlertidig nedgang i studenttalet på ex.phil., i sjølve omleggingsfasen, sidan det då vil vere fleire semester med sterkt redusert ex.phil.-aktivitet både på MN og JU. Ex.phil.-inntektene til HF/FoF frå desse fakulteta vil då falle bort, utan at ein kan redusere kostnadane tilsvarende. Sidan den eksisterande finansieringsmodellen ikkje har innebygde mekanismar som tek høgde for slike større aktivitetssvingingar, tyder det at ein også må leve med visse svingingar i over- og underskot i ex.phil.-økonomien. Arbeidsgruppa meiner at meir langsiktige ex.phil.-kontraktar mellom HF/FoF og fakulteta kan vere eit verkemiddel for å gjere modellen meir robust for slike svingingar.

Ex.phil.-budsjettet har i dag eit moderat akkumulert underskot, som etter planen og prognosen skulle bort i 2021, men det kan bli vanskeleg å kome i balanse i løpet av denne omleggingsfasen på grunn av dei reduserte inntektene. Samtidig har ex.phil. framleis ein viss bruk av midlertidig tilsette kvar haust (om enn mykje mindre enn for ein del år tilbake), som venteleg vil bli redusert i denne perioden, så ein viss del av innteksreduksjonen vil hentast inn igjen slik. Nokon regelrett overtalligheit er det derfor liten fare for, om ikkje UiB samtidig får eit større fall i studenttalet totalt sett. Men i skrivande stund er det nok langt meir sannsynleg med ein auke i det totale studenttalet som kompenserer for den midlertidige nedgangen på ex.phil.

Kva så med dei økonomiske følgjene for UiB elles? Eit fakultet som flyttar ex.phil. til seinare semester vil redusere utgiftene til ex.phil. i ein overgangsperiode, samtidig som dei framleis vil få inntekter for studiepoengproduksjonen på ex.phil. for to år sidan. På den andre sida vil dei, når overgangsperioden er over, ha utgifter til ex.phil. i to år framover utan tilsvarende studiepoenginntekter. Når ex.phil. blir flytta frå første semester, må det dessutan erstattast av eit anna emne i dette semesteret, og dette emnet vil typisk måtte utførast av vitskapeleg tilsette som i motsetning til mange av dei som underviser på ex.phil., har ordinære forskingsvilkår i stillingane sine, som normalt er meir kostbart. Totalt er likevel dette eit høgst usikkert reknestykke, all den tid det er vanskeleg å predikere kva følgjer flytting har for studiepoengproduksjonen, i tillegg til at det kjem an på kor kostnadskrevjande undervisningsformer ein har det første semesteret.

Til oppsummering: den flyttinga av ex.phil. til seinare i studieløpet som allereie er gjort, vil tyde ein reduksjon av inntektene til ex.phil., og dermed til HF/FoF, som vil vere større på kort sikt, men betydeleg også på lengre sikt. Dette er sannsynlegvis handterleg, men det må likevel understrekast at

ei meir omfattande endring, der også andre fakultet flyttar ex.phil. til seinare semester, kan skape ein svært vanskeleg situasjon for HF og FoF, som også kan ha personalmessige konsekvensar i form av overtalligheit.

Organisering og oppsummering

Arbeidsgruppa, og denne rapporten, har konsentrert seg om kva følgjer endring av plassering har for ex.phil. Me har difor ikkje tatt opp til diskusjon den heilt grunnleggjande organiseringa av ex.phil., men har til dømes tatt det for gitt at ansvaret for ex.phil. ligg på FoF og HF, som ei fellesoppgåve som blir utført for UiB som heilskap. Flyttinga kan likevel reise spørsmål om UiB sentralt bør gå sterkare inn i styringa av ex.phil., til dømes med å fastsette krav om når i studieløpet ex.phil. skal liggje.

Samtidig kan det sjå ut som det er ei viss usemje om kvar ex.phil. *bør* ligge i studieløpet. I denne arbeidsgruppa er det fleire som meiner det er best at ex.phil. kjem seint i bachelorgraden, primært fordi ein trur at meir modne studentar vil ha større utbyte av emnet då, fordi dei då lettare ser relevansen av det. Men det er også enkelte som helst ser at ex.phil. er plassert i første semester, sidan ex.phil. tradisjonelt har hatt, og bør ha, ein viktig innføringsfunksjon. Samtidig er det svært lite sannsynleg at ein av omsyn til ex.phil. skulle reversere dei omfattande endringane som allereie er gjort ved PS, MN og JU, sidan flyttinga av ex.phil. på desse fakulteta er vevd inn i ein omfattande revisjon av studieprogramma som heilskap.

Mot denne bakgrunnen er det vanskeleg å sjå noko alternativ til at plassering i studieløpet framleis må vere opp til fakulteta, i samråd med FoF som har emneansvaret for ex.phil. Samtidig er det naudsynt å understreke at ytterlegare flytting vil føre til omfattande økonomiske problem både på kort og lang sikt for ex.phil., og dermed for FoF og HF.



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2020/10827-STT

Dato

29.09.2020

III 2020-11 Innsparinger ved filosofistudiene - tiltakspakke

Saksforelegg:

Den store auken i studenttalet dei siste åra har gjort det tydeleg at bruken av ressursar på fagstudia ikkje er i samsvar med tilgjengelege ressursar. Overforbruket har vore kalkulert til over to heile stillingar i året, sannsynlegvis endå meir med den siste studentveksten. Dette gjer seg utslag både i stor bruk av midlertidig tilsette på exphil og i aukande saldoar på arbeidstidsrekneskapa, som igjen tyder at tilsette reelt ikkje har den forskingstida dei har krav på. I 2019 gjekk også driftsbudsjettet ved FoF på eit større underskot mellom anna på grunn av frikjøp av exphil-tilsette til undervising på fagstudia.

For å sikre økonomien og skjerme forskingstida er det derfor behov for eit betre samsvar mellom forbruk av timar og tilgjengelege timar. For å få det til, har me tre alternativ:

- 1) Å tilsette fleire på fagstudiet. Dette er ønskeleg og noko instituttet arbeider for, men det er regulert av HF sin bemanningsplan, og der ligg FoF ikkje inne med oppbemanning i perioden 2020-2024.
- 2) Å redusere talet på emne. FoF merkar seg ut på UiB ved å ha svært mange (og små) emne på fagstudiet. Ein kan derfor ikkje utelukke at nedlegging av emne kan bli aktuelt, men instituttet var gjennom ein omfattande emnerevisjon i 2016, og sidan det uansett kan bli nødvendig med endringar i samband med nye studieprogram i åra som kjem, er det klokt å vente med dette.
- 3) Å redusere timebruken på eksisterande emne. Ikkje berre har FoF mange emne, men i stor grad nyttar ein også ressursar på 10-studiepoengsemne som om dei var 15-studiepoengsemne.

Gitt desse forholda er det naturleg i første omgang å redusere timebruken gjennom tiltak av den tredje typen. Dette må primært skje gjennom endringar i sjølve undervisningsopplegget, endringar som ikkje berre reduserer timebruken, men som også gjer denne mindre sårbar for fluktusjonar i studenttalet. I tillegg må førebuingfaktorar ved FoF stemme med HF sine retningslinjer. Meir spesifikt tyder det å gå frå 3,5 til 2,5 i faktor for seminarundervising.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

Med denne bakgrunnen har UFF diskutert sparetiltak og gjort framlegg om følgjande tiltak:

- 1) Gå frå 12 til 10 forelesingar og frå 12 til 10 seminar på alle 10-studiepoengsemne ved fagstudia.
- 2) Gå vekk frå individuell rettleiing av semesteroppgåver som arbeidskrav på alle emne bortsett frå FIL251 og FIL252 (Bacheloroppgåva) og unntatt FIL343 og FIL344). Emne som går vekk frå individuell rettleiing av semesteroppgåve som arbeidskrav vil i staden få ein fast sats for rettleiing på 8 timar som kan nyttast til grupperettleiing, frivillig individuell rettleiing e.l.
- 3) Det skal ikkje vere både forelesingar og seminar på eitt og same emne på 200-nivå

Instituttleiar stiller seg bak desse framlegga.

Forslag til vedtak:

Instituttrådet stiller seg bak UFF sine framlegg til endringar

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2020/10827-STT

Dato

29.09.2020

III 2020-12 Undervisningsplan for vårsemesteret 2021

Dokumenter:

- Undervisningsplan for vårsemesteret 2021

Saksforelegg:

Undervisningsoppsettet for komande vårsemester baserer seg på den gjeldande emnerotasjonsplanen, faglærarane sine «langsiktige» ønsker og undervisningsrekneskapane til lærarane. Både i 2020 og 2021 er det dessverre vanskeleg å sjå at ein heilt klarer å nærme seg målsetjinga om at lærarane maksimalt skal ha eit timetal tilsvarande 1 semester i plussaldo. Dei uvanleg høge studenttala dei siste åra har gjort dette umogeleg.

Vi knyter desse merknadene til planen:

- Desse kursa vil (sannsynlegvis) gå på engelsk: FIL218/318, FIL233/333, FIL247/347, FIL249/349, FIL344.
- Seminargrupper blir sett opp med grunnlag i det som er foreslått i sak 2020-11.

Forslag til vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til foreslått undervisningsplan for vårsemesteret.

Steinar Bøyum
instituttleiar

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

UNDERSVINGSPLAN FOR VÅRSEMESTERET 2021			
Emnekode	Emnenavn (bokmål)	Førelsing	Seminar
DIDAFIL2	Filosofididaktikk 2	Hans Marius Hansteen	
DIDAHUM2	Fagsamtale og muntlig form	Vakant NN	
FIL105/235/335	Innføring i sinnsfilosofi	Gunnar Karlsen	Karlsen
FIL116	Innføring i mod poli teori	Jesse Tomalty	
FIL120	Filosofihist fra antikken	Rørstadbotten/Tellmann	Rørstadbotten, Tellmann
FIL218/318	Estetikk	Ole Martin Skilleås	
FIL231/232/310	Åpent emne		
FIL233/333	Antikkens filosofi	Hallvard Fossheim	
FIL247/347	Epistemologi	Franz Knappik	
FIL249/349	Politisk filosofi	Jesse Tomalty	
FIL251/252	Bacheloroppgave i filosofi	Gro Rørstadbotten	
FIL344	Forsk.semne i prakt. filosofi	Skilleås/Gamlund	
FILO350/351	Filosofi mastergradsoppgave		
LOG110	Introduksjon til formallogikk	Eivind Kolflaath	Hansen, Karlsen, Commandeur
LOG111/311	Deduksjon og metalogikk	Tore A. Øgaard	Tore A. Øgaard
LOG112	Intro til filosofisk logikk	Sindre Söderstrøm	Sindre Söderstrøm
RET250	Bacheloroppgave i retorikk	Amund Børdahl	
RET202/252	Filosofi og retorikk	Hans Marius Hansteen	

Ved Examen philosophicum reknar ein med (maksimalt) 2 seminar ved MN-fakultetet i og ved Psykologisk fakultet (maksimalt) 6 seminar. Her må ein likevel understreke den store uvissa knytt til volumet. Særleg på MN-fakultetet skapar både pandemi-situasjonen og den pågåande omlegginga av studieplanen store planleggingsutfordringar for oss.

MN-fakultetet:

Forelesningar: Julie Zahle
Seminar (2): Anita Leirfall, Julie Zahle

Psykologisk Fakultet:

Forelesningar: Gunnar Karlsen & Anne Granberg
Seminar (6): Anne Granberg (2), Gunnar Karlsen, Mette Hansen (2), Gro Rørstadbotten

På Examen facultatum-emna kan det bli snakk om ei nettgruppe i Akademisk skrivning, i tillegg til ei forelesningsrekke i Språkkunnskap.



Det humanistiske fakultet

Referanse

2020/10827-STT

Dato

30.09.2020

III 2020-13 Overordna prinsipp for forskningsgrupper ved FoF

Saksforelegg:

Alle fakultet og institutt ved UiB har forskningsgrupper (med eit mulig unntak for to institutt på KMD). Dette gjeld også HF: [Forskergrupper ved fakultetet | Det humanistiske fakultet | Universitetet i Bergen](#)

Organisering av forskning i grupper er blitt standard i Noreg generelt. Dette kjem dels av utviklinga i forskinga, med samling om større prosjekt (f.eks. ved ekstern finansiering), og dels av ei auka forståing for tydinga av fagleg-sosialt miljø for forskning. Særleg har forskningsgrupper vore framheva som viktige i forskarutdanning og kvalifisering. Også i faglege miljø der ein hovudsakleg forskar og publiserer individuelt er det avgjerande å få diskusjon om og tilbakemelding på arbeid.

Ved FoF har derimot forskningsgruppene hatt ein litt uklar status. På den eine sida har instituttet fleire aktive og velfungerande forskningsgrupper, med jamlege møter og samarbeid, og nokre av dei har jamvel økonomisk støtte frå fakultet og NFR. Ved fleire utlysingar har tilknytning til forskningsgrupper vore framheva, til dømes i den siste postdoc-utlysinga: «Berre søkjarar med forskingsprosjekt som passer inn i ei av dei etablerte forskningsgruppene ved instituttet vil få søknadane sine vurdert.» På den andre sida herskar det framleis ei viss forvirring om forskningsgrupper på FoF, og på nettsidene til instituttet finn me forskningsgrupper, forskingsområde, forskingsnettverk og forskingsprosjekt i ei lett forvirrande blanding.

Forskningsgrupper vart diskutert i FU 12.11.2019:

SAK 2: Diskusjon om presentasjon av forskningsgrupper ved instituttet. Hallvard orienterte om sitt arbeid med å skaffe oversikt over den forskningen som foregår i forskjellige konstallasjoner på instituttet, og om planer for å sikre at denne informasjonen er tilgjengelig på instituttets nettsider. Det var enighet i diskusjonen om betydningen av at det godet en oppdatert oversikt over lokalt samarbeid i forskningsgrupper er, blir virkeliggjort på en måte som ikke kan skape grunnlag for noen form for velbegrunnet skepsis.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

På grunnlag av dette er det behov for ei klargjering.

Forskningsgrupper er skreve inn i reglementet på fleire stader. I HF sine «Utfyllende regler for styringsorganene ved fakultetetene og instituttene» heiter det til dømes at forskningsgruppeleiarar skal vere representerte i Utval for forskning og formidling. I FoF sitt instituttreglement står det at instituttleiar «har myndighet til å utpeke andre ledere/koordinatorer for å sikre en hensiktsmessig drift av instituttet, herunder ... ledere for forskergrupper.» I same reglement heiter det vidare at Forsknings- og formidlingsutvalet skal:

- foreslå kriterier for opprettelse av forskergrupper og godkjenning av forskergrupper ved FoF
- regelmessig evaluere forskergruppene, og foreslå nedleggelse og opprettholdelse av forskergrupper på grunnlag av denne evalueringen

Både ved UiB og i Noreg generelt er det stor variasjon i graden av aktivitet og samarbeid i forskningsgrupper. Nokre grupper samarbeider tett, med felles prosjekt og sampublisering. Andre grupper er meir som faglege fora der ein legg fram og får tilbakemelding på arbeid. Sistnemnde type er nok den mest vanlege i humaniora, men med auka grad av eksterntfinansiering og samforfattarskap blir det også vanlegare med den første. Talet på møter varierer også sterkt. Nokre grupper har møter kvar veke, medan andre har møter ein gong eller to i semesteret. Møter kvar måned eller annakvar veke ser ut til å vere det vanlegaste.

Det varierer også sterkt i kva grad forskningsgruppeleiarar fungerer som forskingsleiarar. Dette heng sjølvsagt saman med i kva grad gruppa er samla om felles prosjekt, men det heng også saman med korleis gruppa er sett saman. I ei gruppe som består av ein professor og fire stipendiatar, vil gjerne professoren gjerne også fungere som forskingsleiar, medan i ei gruppe som består av fem professorar vil forskningsgruppeleiareren i praksis gjerne berre vere ein koordinator. Innan humanistiske fag er nok sistnemnde det mest vanlege. Slik sett kunne ein like godt kalla det «forskingsgruppekoordinator», men termen «forskingsgruppeleiar» er no ein gong blitt innarbeidd, til dømes i FoF sitt instituttreglement.

På grunn av den store variasjonen nemnd over er det vanskeleg, og heller ikkje ønskeleg, å operere med altfor strenge reglar og kriterier for forskningsgrupper. Det er likevel behov for å klargjere nokre overordna prinsipp for forskningsgruppene ved FoF:

- Det må vere klart kva forskningsgrupper instituttet har og kven som er med i dei.
- Graden av aktivitet og samarbeid i ei gruppe vil variere, men for å gjelde som ei forskningsgruppe bør ein normalt ha minst fire medlemmer og regelmessige møter.
- Det er frivillig å vere med i forskningsgrupper, og ein treng ikkje vere medlem av noko gruppe. Ein kan også vere medlem av fleire grupper.
- Kvar forskningsgruppe skal ha ein forskningsgruppeleiar, som kan fungere som kontaktperson. Det vil variere i kva grad denne personen vil fungere som fagleg leiar, men uansett gjeld sjølvsagt den akademiske fridomen.
- Forskningsgrupper skal organiserast bottom-up, men i tråd med instituttreglementet vil det i siste instans vere instituttleiar (saman med FU) som utnemner forskningsgruppeleiar og godkjenner forskningsgrupper.

Forslag til vedtak:

Instituttrådet vedtar dei overordna prinsippa for forskingsgrupper ved FoF

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2020/10827-STT

Dato

29.09.2020

III 2020-14 Årsstudium i filosofi - justering av studieplan

Saksforelegg:

Den opprinnelege tanken bak årsstudiet i filosofi var at studentane var «bachelorstudentar in spe» eller/også studentar som allereie hadde ein viss akademisk eller filosofisk bakgrunn. Det var også tilrådd at årsstudentane skulle starte vårsemesteret, sidan studiet var sett saman deretter. Dette viser seg i stadig større grad å ikkje stemme. Dei aller fleste årsstudentane kjem direkte frå vidaregåande skule, og dei startar om hausten. Dette skapar utfordringar både for undervisarar og for studentane, særleg på FIL121 *Filosofihistoria frå Opplysningstida til 1900-talet*. Her går førstesemesterstudentane på årsstudiet saman med tredjesemesters bachelorstudentar, og her startar dei med Kant og Hegel utan å ha nødvendige forkunnskapar, ved at dei verken har exphil eller FIL120 *Filosofihistoria frå antikken til opplysningstida* i bagasjen. Den store auken i talet på årsstudentar betyr også at balansen i studentgruppa har endra seg, ved at eit fleirtal no er årsstudentar i høve til bachelorstudentar.

UFF har diskutert saka. Både ut frå tidsomsyn og ut frå sjansen for andre endringar i tida som kjem, foreslår UFF å løyse dette problemet så enkelt og lokalt som mogleg, ved at FIL121 blir bytta ut med FIL128 *Innføring i Etikk*. UFF meiner at «å byte ut eit tredje semesters fagstudieemne med eit innføringskurs på 100-nivå vil gjere det lettare for nye årsstudentar å både kome gjennom studieløpet, og også kanskje få vidare motivasjon til vidare studium i filosofi.»

Forslag til vedtak:

Instituttrådet stiller seg bak vedtaket i UFF og bytter ut FIL121 med FIL128 i studieplanen til ÅRHF-FILO.

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2020/10827-STT

Dato

01.10.2020

III 2020-15 Rekneskapsrapport etter 2. tertial 2020

Dokumenter:

- Rekneskapsrapport etter 2. tertial 2020

Saksforelegg:

Vedlagte rekneskapsrapport ber bod om eit institutt som er på eit rekodhøgt aktivitetsnivå, både m.o.t. undervisning og forskingsaktivitetar – trass i utfordringane knytt til pandemi og «nedstenging».

Pandemi-situasjonen har både negative og positive effektar. For driftsrekneskapen vår medfører det lågare forbruk, men for Examen philosophicum-rekneskapen har effekten dessverre vore motsett, sjølv om inntektstap knytt til studieplanomleggingane ved Juridisk fakultet og MN-fakultetet er hovudforklaringa på problema her.

Forslag til vedtak:

Instituttrådet tar rekneskapsrapport etter 2. tertial 2020 til orientering

Steinar Bøyum
instituttleder

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Referanse

2020/11028-STT

Dato

01.10.2020

Rekneskapsrapport etter 2. tertial 2020

Som tidlegare meldt er Universitetet (og ikkje minst fakultetet vårt) i ein slags utprøvingfase når det gjeld rekneskapsrapporteringa.

Det føreligg no ei standardpakke for rekneskapsrapportering som etterkvart skal brukast på alle institutta ved UiB, men den er framleis noko «uferdig» og er nok ikkje heilt veileigna for HF-institutta (og særleg ikkje for FoF). I denne standardpakka ligg det også eit framlegg til «Institutrådsrapporter» (ein slags «minimalversjon» som kan supplerast ut frå lokale behov), og vi vil i framtida basere rekneskapsrapporteringa på denne.

I denne versjonen finn vi enkle oversyn over dei fem ulike «pengesekkane» som instituttet i praksis, i større eller mindre grad, har råderetten over.

- 1) Driftsbudsjettet knytt til annuum
- 2) Prosjektøkonomien til instituttet
- 3) Grunnbevilgningsprosjekta (utanom Examen philosophicum)
- 4) Examen philosophicum
- 5) Fastlønnsbudsjettet (ansvarssted 116201)

Driftsbudsjettet

I tabellen nedanfor finn ein driftsrekneskapan sortert på analysenummer (meir eller mindre hensiktsmessige «merkelappar» for ulike bruksformål). Vi merker oss at FoF sitt forbruk fram t.o.m. august har vore svært moderat, noko som ikkje er overraskande i lys av «nedstenginga» i denne perioden. Etter august har vi brukt 15 % av heile driftsbudsjettet vårt, men det er likevel ikkje noko stor fare for at det ikkje er brukt opp før året er omme: Etter rekneskapan for august blei avslutta har vi betalt inn kr. 502 000 i frikjøping av lærarkrefter frå Exphil gjeldande vårsemesteret (dermed har det i realiteten gått med 740 000 i skrivande stund). I tillegg må ein rekne med ytterlegare ca. 300 000 til dette formålet før året er omme.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

Analysenumra 210014, 215208 vil også bli brukt opp vei vi no, i tillegg til at det aller meste av dei personlege driftsmidlane (215250) vil nyttast.

Dermed er det inntekter og utgifter knytt til dei uspesifiserte postane som avgjer om vi ender opp i balanse eller eit lite overskot.

BUDSJETT OG REGNSKAP ANNUUM (GA)			
Analyse	Årsbudsjett	Regnskap	Rest
000000 Uspesifisert	-403 270	-110 134	-293 136
210014 Humanioraforskning HF	200 000	3 182	196 818
215200 Instituttleders driftsmidler	30 000	-16 277	46 277
215203 Fagstudiet – sensur	100 000	97 793	2 207
215204 Lønn	1 061 900	42 707	1 019 193
215205 HF 2020 FoF	54 000	0	54 000
215206 ExFac	90 000	84 849	5 151
215208 WAB Drift	185 000	51 802	133 198
215211 Kaffekoppen	0	17 684	-17 684
215212 Drift ExFac/DIDAHUM	30 000	1 424	28 576
215214 PPU-DIDAHUM vår 2020	75 000	76 866	-1 866
215236 PES2019 Pichler	0	-37 390	37 390
215237 PES2019 Jacobsen	0	-11 991	11 991
215238 Normativity of Logic	0	13 184	-13 184
215250 Personlige driftsmidler	118 370	29 688	88 682
2152XX Ubrukte nummer	0	-6 002	6 002
	1 541 000	237 385	1 303 615

Som ein vil sjå kan dei uspesifiserte postane fortone seg merkelege i år: Det er isolert sett budsjettert med netto inntekter på desse postane, for første gong i instituttets historie. Det skuldast at ein i år reknar med svært store «overhead-inntekter» frå våre eksterntfinansierte prosjekt, vesentleg meir enn kva ein reknar med i kostnader (i hovudsak internhusleige og indirekte administrative kostnader).

I skrivande stund er det budsjettert med 4,36 mill (!) i «interne inntekter» (inkl. 600 000 i overføringar frå Exphil-budsjettet), samstundes som det er budsjettert med 3 195 400 i korresponderande «interne» utgifter relatert til prosjekta våre. Det betyr at ein reknar med netto inntekter på 1 166 100 på desse postane isolert. For vår del har vi liten tru på at dette vil slå inn, vi opplever dette som svært usikre anslag. Om det likevel skulle gjere det, er instituttøkonomien på beina igjen, etter eit vanskeleg 2019, og underskottet som vi drog med oss inn i 2020 kan i beste fall dekkast inn i sin heilskap.

Det er elers lite å melde om dei andre uspesifiserte postane. Det meste er som venta, men i nokon grad gir pandemien seg utslag i eit lågare aktivitetsnivå og dermed litt lågare utgifter. Særleg viser dette seg på postane knytt til kontorrekvisita, bøker, møter og kurs. Pr. 31. august har ein nytta 33 % av dei 239 000 som var sett av til dette. Det er godt i overkant av 100 000 mindre enn i eit «normalår».

Prosjektøkonomien

Instituttet si prosjektportefølje er rekordhøg i 2020, og det vil nok gå lang tid før vi er på eit slikt nivå igjen. I alt har vi eit budsjett på 38,44 mill. knytt til prosjekta, og pr. 31. august er nokså nøyaktig halvparten av desse midlane brukt.

PROSJEKTOVERSIKT (EKSTERNFINANSIERTE PROSJEKT)				
Kilde	Prosjekt	Totalbudsjett	Regnskap	Rest
NFR	810535 Anti Exceptionalism	7 000 000	6 691 073	308 927
NFR	811409 LOGIKK	3 086 000	3 022 214	63 786
NFR	812610 MaST	9 783 000	1 107 661	8 675 339
NFR	812924 Forskergrupper HF	1 782 000	359 928	1 422 072
NFR	815794 PES2020	95 000	0	95 000
SUM		21 746 000	11 180 876	10 565 124
EU	MSCA-DICTUM	2 031 636	1 872 633	159 003
EU	MSCA-Epillog	1 885 440	1 470 237	415 203
SUM		3 917 076	3 342 870	574 206
Andre	811886 TMS Elite Baumgartner	8 750 000	3 226 722	5 523 278
Andre	812535 Meltzer HF 2018	519 473	487 473	32 000
Andre	814070 Meltzer HF 2019	697 850	125 751	572 099
Andre	814234 Ancient Philosophy	29 000	18 745	10 255
Andre	814336 Fred, konflikt etc.	160 400	160 242	158
Andre	815061 Logikksjekk for Exphil	300 000	0	300 000
Andre	815222 National Institute of Health	1 365 000	622 273	742 727
Andre	815650 Zahle Workshops	429 314	94 365	334 949
Andre	815855 Meltzer 2020	361 800	0	361 800
Andre	816066 Skibsreder Olsens legat	47 000	0	47 000
Andre	816067 Universitetsfondet	115 000	0	115 000
SUM		12 774 837	4 735 571	8 039 266
TOTALT		38 437 913	19 259 317	19 178 596

Det er ikkje knytt større økonomisk risiko til nokon av prosjekta, men særleg for to av dei har det vore bekymringar knytt til forbrukstakten. Det gjeld TMS Elite Baumgartner og «Forskergrupper HF» (Wittgensteinforskning og Politisk filosofi/Fordelingsrettferd). For den første trur vi at dette ikkje lenger er eit problem, for «Forskergrupper HF» kan pandemien medføre noko mindre aktivitet enn planlagt - slik vi vurderer det no.

Også for dei to Marie Curie-prosjekta våre har det vore store bekymringar, det gjeld alle desse prosjekta ved UiB. Dei siste vekene har vi imidlertid fått ein del avklaringar som gjer at vi no med nokså stor sikkerheit kan slå fast at instituttet ikkje må dekke inn eventuelle underskot i desse prosjekta.

Grunnbevilgingsprosjekta

Dette er UiB-finansierte «øyremerka midlar» som litt misvisande blir kalla «grunnbevilgningsprosjekt» i økonomisystema. Fleire av dei er under avvikling, og det er lite å merke seg bortsett frå at to av dei har eit bekymringfullt lågt forbruk: Det er 710028 Smådriftsmidler – der det ikkje er brukt noko – og stipendiatane (og nokon av postdoktorane) sine driftsmidler. Her er forbruket nesten sjokkerande lågt i 2020. I begge tilfelle er det pandemien som forklarar underforbruket.

GRUNNBEVILGNINGSPROSJEKTA			
Prosjekt	Årsbudsjett	Regnskap hittil	Rest
700028 Likestillingsarbeid	102 000	12 391	89 609
700245 Examen philosophicum	-681 000	15 527 433	-16 208 433
700306 Insentivmidler SA	411 800	272 607	139 193
700317 Humaniorastrategien	135 500	5 507	129 993
700910 Egenfinansiering BOA	10 900	-75 340	86 240
710006 Studiekvalitetstiltak	7 400	0	7 400
710022 Internasjonalisering	43 000	40 477	2 523
710028 Smådriftsmidler	0	-209 000	209 000
710032 TMS Elite	1 855 000	1 082 996	772 004
710034 Momentum-programmet	0	-40 477	40 477
720006 Rekrutteringsstillinger	290 900	15 659	275 241
SUM	2 175 500	16 632 253	-14 456 753

NB! Det store underskotet på Examen philosophicum skuldast at fakulteta endå ikkje har blitt fakturert for undervisninga i år, og såleis er dette ikkje reelt.

Examen philosophicum

Examen philosophicum er utan samanlikning instituttet sin største økonomiske bekymring i øyeblikket. Det skuldast det velkjente faktum at to av fakulteta har tatt pause eller er i ferd med å ta pause frå Examen philosophicum-opplegget og vi er ikkje i normal gjenge igjen før 2023.

Ved inngangen til 2020 hadde Exphil-budsjettet eit underskot på 931 000 og den litt optimistiske målsetjinga for 2020 var at ein skulle dekke inn dette i løpet av 2020, trass i 2,5 mill. i inntektsbortfall knytt til studieplanomlegginga ved MN-fakultetet. Vi veit no at dette er lite realistisk. Vi kan i beste fall kreve ca. 235 000 pr. kurs vi tilbyr, og vi endte opp med 103 kurs i 2020. Dermed dekker sannsynleg ikkje inntektene frå fakulteta (ca. 24 000 000) dei utgiftene vi har.

Vi trur no at det akkumulerte underskotet ved Exphil vil auke til ca. 1,5 mill. ved utgangen av 2021. Det er til å leve med, men vil medføre at dei neste to åra blir svært krevande for Exphil. Vi må, i samarbeid med fakultetet, sjå nærare på oppbygginga av budsjettet og det må nok også vurderast om det må gjerast fleire effektiviserings- og sparetiltak.

Fastlønnsbudsjettet

Frå og med i år er institutta sine fastlønnsbudsjett skilt ut i eigne ansvarssted i økonomisystemet, noko som har gjort dei lettare synlege

Det er likevel lite å melde om situasjonen her. Pr. dato går det med eit lite overskot og det er mengda av sjukelønns-/svangerskapsrefusjonar ved årets slutt som bestemmer om det blir eit lite underskot eller eit lite overskot ved årets slutt..

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef